

# ALDRI GLØYMT

Det var den sumaren eg gjekk opp krøtterstien på Reset tre gonger for å bli gjest hos Majestetten på Gjengedalsstøylen. Eg hadde vald lufttransport frå Austlandet, og landa på Florø flyplass, men diverre utan ryggsekk. Eg kom meg vidare med ei lokal godsroute langs riksvegen austover. Ved Storebru tok vi innover i typisk vestlandslandskap. Der skulle sjåføren levere eit nytt kjøleskap, og eg vart hans hjelpemann med løyst billett. Vegen til Hyen er kalla Noregs verste, men ein bygut kom til at her var Noregs vakraste! I Hyen vart det litt fomling, men det var no slik at smeden i bygda hadde eit slags drosjeløyve. Med hans hjelp kom eg meg opp til Gjengedalen hos gjestfritt folk. Rett nok utan ryggsekk, og i den låg ei akevittflaske.

Etter helsingar, samvær og overnatting bar det innover i marka, og opp Reset for fyrste gong. Eg stogga ved Kvileføra, Neskongen Magnus hadde formant meg om det. Han stod på trammen utanfor residensen og helsa meg med eit bredt smil, ein dram og fyr på peisen. Eg hadde fridd til dottera hans, og fått hennes ja.

Neste dag drog eg nedover i dalen for å hente ryggsekken. Alle naboene i Gjengedalen hang på same telefonlina så det gjekk nok varmt for seg når vi oppklara dette med ryggsekken. Joda, sekken hadde kome fram, men då det ikkje var nokon til å ta han imot, vart han returnert til Florø.


På nytt opp Reset. No viste Vestlandet seg frå si mest dramatiske side; regn, vind, torden og lyn på lyn. Eg har aldri følt meg så liten, men det var noko tidlaust over scena der på fjellet; ein liten sjel på vandring under Herren og hans himmel. Eg søkte å halde meg unna høgder i terrenget og kom vel fram.

Tredje og siste turen var underleg på fredfullt vis. Eg kom opp Reset og strauk langs dalsøkket mot støylen. I ryggsekken låg akevittflaska og nybakst frå Oddbjørg.

Midtvegs i ferd med å krysse elva letta brått ei hegre frå stranda.

Ho flaug tungt bort med vidstrekke vengjer berre få meter frå meg.

Magien i dette augneblikket vert aldri gløymt.



Gråhegra har et vengjespenn på opp mot 2m, og eg såg ho slik